

Forskrift om gebyrregulativ for 2023

«Forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, byggje-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2021» er vedtatt av Time kommunestyre med heimel i:

- § 33-1 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker frå Statens landbruksforvaltning av 14.12.2011
- § 32 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005
- § 15 i lov om eierseksjoner av 16. juni 2017
- Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg for kommunane i Jærregionen
- Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for kommunane i Jærregionen
- Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn
- Fritaksordning for manglande felles uteopphaldsareal (MFUA) i Bryne sentrum

Forskrifta er vedtatt av kommunestyret den 14.12.2021, avløyser tilsvarende forskrift for 2022 og tek til å gjelde frå 01.01.2023.

Alle prisar er justert med kommunal deflator på 3,7% (2023) og avrunda til næraste 100 kroner.

1 Generelle reglar

1.1 Betalingsplikt

Han eller ho som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinjene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bedt om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått, sendt i retur som ufullstendig og der supplerande opplysningar må innhentast før søknaden er å sjå på som komplett, med mindre anna er sagt.

Dersom søkjar/tiltakshavar i byggesaker trekk tilbake søknaden skriftleg før ferdigbehandling skal det betalast 50% av gebyrsats for tiltaket.

1.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok imot planinitiativ, komplett søknad, komplett planforslag eller rekvisisjon.

1.3 Betalingstidspunktet

Dersom Time kommune har ein fordring som har forfalle ovanfor ein søkjar/forslagsstillar/ rekvirent, kan kommunen krevja at gebyr for den nye saka er betalt før behandling av denne startar.

Gebyr for ulike sakstypar forfell elles til betaling slik:

A: Plansaker

For planarbeid etter pkt. 2.3.1.1) og 2) under vert faktura sendt ut saman med referat frå oppstartsmøtet og eventuell informasjon om vedtak i behandling av usemjepunkt.

For planarbeid etter pkt. 2.3.1.3) under vert faktura sendt ut saman med informasjon om vedtak i behandling av planprogram for planar med konsekvensutgreiing.

Faktura med berekning av gebyr for planarbeid vert sendt ut når komplett planforslag er innsendt for 1. gongs behandling av saka. Gebyret vert fastsett på grunnlag av planforslaget.

B: Bygge- og delingssaker

Dersom kommunen i samband med behandling av søknad eller tilsyn har behov for å innhente sakkunnig bistand i utfordrande saker for å kunne vurdere omsøkt tiltak og gitt dokumentasjon, skal utgiftene til dette dekkast av tiltakshavar. Tiltakshavar vert orientert om dette i aktuelle saker.

Faktura for gebyret vert sendt ut i etterkant av at vedtak er gjort i saka. Fastsetjing av gebyr går fram i sjølve vedtaket. Ved trinnvis behandling, jf. § 21-2 i plan- og bygningslova, vert fullt gebyr fakturert etter at rammeløyve er gjeve. Gebyr for behandlinga skal vera betalt før igangsettingsløyve, bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve.

1.4 Timepris

Der gebyret skal reknast etter medgått tid, nyttast ein timepris på 1 050 kroner eksklusiv mva.

1.5 Klage og urimeleg gebyr

Gebyrfastsetjinga i den enkelte sak er ikkje å sjå på som eit enkeltvedtak, og kan såleis ikkje påklagast etter reglane i forvaltningslova. Gebyr fastsett etter plan- og bygningslova og matrikkellova kan likevel påklagast. I slike saker er Statsforvaltaren og Formannskapet klageinstans.

I tillegg kan gebyrilegging som kan vurderast som klart urimeleg, unntaksvis tas opp til behandling. Rett mynde til å fastsetja gebyret ligg til kommunalsjef Samfunn. Kommunen si avgjerd kan påklagast.

1.6 Redusert gebyr i oppmålingssaker

Dersom det vert halde oppmålingsforretning over avgjevareigedommen samtidig med frådeling av ny eigedom, kan gebyret for avgjevareigedommen reduserast med 50%.

1.7 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtar endringar av gebyrregulativet, normalt i forbindelse med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Satsane i regulativet er per 01.01.2023. Satsane vil verta regulerte den 1. januar kvart år mellom anna basert på for- og etterkalkulasjon. Ved årleg justering vert gebyrsatsane, med unntak av timeprisar og tilleggsgebyr, avrunda til næraste 100 kroner. Nye satsar som er indeksregulerte, vert kunngjort i dagspressa.

2 Gebyr for plansaker

2.1 Gebyret gjeld

Gebyret som går fram av gebyrsatsane under pkt. 2.3 gjeld for utsending av opplysningar, avklaringsmøte, bearbeiding av planar og saksbehandling i plansaker som vert sette fram i medhald av plan- og bygningslova § 12.3.

2.2 Dekking av utgifter til andre myndigheiter m.m.

I tillegg til gebyr etter dette regulativ skal private forslagsstillarar, etter avtale, dekkja alle utgifter i forbindelse med behandling, også avklaring etter kulturminnelova og konsekvensutgreiingar.

2.3 Gebyrsatsar

2.3.1 Detaljregulering

	Gebyr
1)Oppstart av detaljreguleringsplan	kr 30 000
For areal til og med 2000 m ²	kr 96 000
For areal over 2000 m ² til og med 5000 m ²	kr 118 600
For areal over 5000 m ² til og med 10 000 m ²	kr 146 300
For areal over 10 000 m ² til og med 20 000 m ²	kr 207 600
For areal over 20 000 m ² betalast eit tillegg på	kr 2 200 per påbegynte intervall på 1000 m ²
Tilleggsgebyr for busetnad	kr 1 300 per påbegynt intervall på 100 m ² BRA
Tilleggsgebyr kan krevjast når forslagsstillaren fremmar endringsforslag undervegs	Tillegg på 30 % av gebyr
Reguleringsplanar for masseuttak og massefyllingar	50 % av arealgebyr
2) Usemjepunkt etter plan- og bygningslova §12.8, behandla i Lokal utvikling	kr 25 500
3) Behandling av planprogram for planar med konsekvensutgreiing	kr 37 600

2.3.2 Reguleringsendringar

For areal til og med 1000 m ²	kr 13 200
For areal over 1000 m ² til og med 2000 m ²	kr 35 200
For areal over 2000 m ² til og med 5000 m ²	kr 57 800
For areal over 5000 m ² til og med 10 000 m ²	kr 87 700

For areal over 10 000 m ²	kr 115 700
--------------------------------------	------------

2.3.3 Dispensasjonar

Dispensasjonar av prinsipiell karakter som går direkte til behandling i Lokal utvikling	kr 24 500 per forhold
Administrativt vedtak	kr 13 300 per forhold
Administrativt vedtak for tiltak utan ansvarsrett	kr 8 300 per forhold

2.3.4 Planforslag som ikkje er i tråd med overordna planar

Gjeld planforslag etter pkt. 2.3.1 og 2.3.2	10-50% tilleggsgebyr
---	----------------------

3 Gebyr for byggesaker

3.1 Gebyret gjeld

Gebyret dekkjer behandling av frådelings- og byggesaker, førehandskonferansar, dokumentkontroll, plassering og høgde på bygningar utifrå innsende teikningar, mellombels bruksløyve/ferdigattestar m/stikkontroll og tilsyn i byggesaka. Det vert i tillegg kravd gebyr for behandling av føretak, ulovleg arbeid og dispensasjon. Kor parten ikkje møter til avtalt førehandskonferanse, betalar parten for ein time inkludert eventuelt medgått tid til førebuing.

Tilsynsverksemd skal finansierast av byggesaksgebyret med 10% av samla inntekter.

3.2 Kombinerte bygg og mellombelse bygningar

Består bygningen av fleire funksjonar, skal gebyret reknast ut for kvar del. For mellombelse bygningar skal det betalast fullt gebyr i den kategorien bygget høyrer til.

3.3 Føretak som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava

Kommunen kan godkjenna føretak for arbeid i tiltaksklasse 1, jf. SAK10 § 11-4 sjette ledd. Denne godkjenninga vert ilagt gebyr i gjeldande overgangsperiode.

3.4 Sjølvbyggjar

Kommunen kan godkjenna sjølvbyggjar for personleg ansvar, jf. SAK10 § 6-8.

3.5 Arbeid utan løyve

Tiltak som vert sett i gang utan løyve vert fakturert for det meirarbeidet dette er for kommunen, vanlegvis dobbelt gebyr. Dette gjeld også der det tiltaket som er sett i gang, vert avslått.

I tillegg kjem sanksjonar etter kap. 32 Ulovlegheitsoppfølging i plan- og bygningslova.

3.6 Gebyrsatsar for tiltak som krev søknad og byggeløyve etter § 20-1 i plan- og bygningslova

3.6.1 Bustadhus og garasje

	Gebyr
--	--------------

A	Einebustad, tomannsbustad, rekkehus/bustadhus i kjede (per bustad/bueining)	kr 19 000
B	Bustadhus med hybel/sokkelleileighet	kr 22 900
C	Andre småhus (inntil 4 leileigheter)	kr 28 000
D	Bustadblokk/terrassehus, per leileighet	kr 7 700
E	Tilbygg/påbygg, 15- 50 m ²	kr 6 500
F	Tilbygg/påbygg, > 50 m ²	kr 11 000
G	Hovudombygging	kr 12 000
H	Garasje/uthus >70 m ² (For bygg < 70 m ² , sjå pkt. 3.8 A)	kr 12 000
I	Garasje/uthus som er byggemeldt samtidig med bustadhus (maks 50 m ²). Garasjeanlegg, per parkeringsplass	kr 2 300

3.6.2 Verkstad- og industribygg, kontor-, forretnings- og næringsbygg

		Gebyr
A	Fabrikk, verkstad eller produksjonshall	kr 42 600
B	Andre industribygg	kr 42 600
C	Kontor- og administrasjonsbygg	kr 42 600
D	Varehus og andre forretningsbygg	kr 42 600
E	Parkeringshus	kr 42 600
F	Bensinstasjonar	kr 42 600
G	Anna bygg for kontor	kr 42 600
H	Tilbygg/påbygg inntil 100 m ²	kr 21 000
I	Tilbygg/påbygg mellom 100 m ² og 500 m ²	kr 42 600
J	Ombygging, tiltak a til g	kr 31 700

Tillegg for arealgebyr for nybygg og tilbygg som overskrider 1000 m² BRA er kr 100 per m²

3.6.3 Overnatting- og restaurantbygg, offentleg- og privat tenestebygg

		Gebyr
A	Overnattingsstad	kr 53 200
B	Andre bygg i hotell- og restaurantnæringa	kr 53 200
C	Bygg for undervisning	kr 53 200
D	Sjukeheim, omsorgsbustad	kr 53 200
E	Barnehagar	kr 53 200
F	Kyrkje, kapell og liknande	kr 53 200
G	Teater/kinobygg	kr 53 200
H	Idrettshall	kr 53 200
I	Tilbygg/påbygg inntil 100 m ²	kr 21 000
J	Tilbygg/påbygg mellom 100 m ² og 500 m ²	kr 42 600
K	Hovudombygging som for nybygg	kr 41 500

Tillegg for arealgebyr for nybygg og tilbygg som overskrider 1000 m² BRA er kr 100 per m²

3.6.4 Andre bygg

		Gebyr
A	Driftsbygningar i landbruket med BRA over 1000 m ²	kr 21 000
B	Driftsbygningar i landbruket, hus for dyr	kr 11 000
C	Andre bygg i landbruket	kr 11 000
D	Fritidsbygg	kr 21 000

E	Tilbygg/påbygg inntil 100 m ²	kr 6 500
F	Tilbygg/påbygg mellom 100 m ² og 500 m ²	kr 11 000

3.6.5 Andre tiltak (ikkje arealgebyr)

		Gebyr
A	Vesentleg terrenginngrep	kr 11 000
B	Anlegg av veg eller parkeringsplass	kr 11 000
C	Kommunaltekniske anlegg, felt, m.m.	kr 11 000
D	Kommunaltekniske anlegg, mindre tiltak	kr 5 200
E	Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg	kr 5 200
F	Bruksendring utan ansvarleg føretak	kr 4 700
G	Bruksendring med ansvarleg føretak	kr 7 000
H	Bruksendring til ny bueining eller arealformål (per bueining)	kr 6 400
I	Riving av bygning	kr 6 600
J	Fasadeendring	kr 5 200
K	Installasjonsløyve for heis i eksisterande bygg, per heis	kr 1 800
L	Frådeling etter plan- og bygningslova	kr 11 000
M	Søknad om igangsettingsløyve, (og for kvar ny søknad ved trinnvis behandling)	kr 5 200
N	Oppsetting/montering av skilt	kr 5 200
O	Oppføring og endring av ventilasjonsanlegg, gassinstallasjonsanlegg og liknande	kr 5 200
P	Kulde- og varmpumpeanlegg, brannalarmanlegg og liknande	kr 4 300
Q	Alle søknadsplichtige tiltak som ikkje er nemnde spesielt her	kr 5 200
R	Endring av byggeløyve (tidlegare godkjent tiltak eller endring av ansvarleg føretak)	kr 5 200
S	Ferdigattest for bygg og anlegg eldre enn 3 år	kr 4 700

Tillegg for arealgebyr for nybygg og tilbygg som overskrider 1000 m² er 100 kr per m².

3.7 Godkjenning av føretak og sjølvbyggjar, jf. pkt. 3.3 og 3.4

A	Godkjenning av føretak etter unntaksreglane	kr 3 500
B	Sjølvbyggjar	kr 3 200

3.8 Gebyrsatsar for tiltak som krev søknad og byggeløyve etter § 20-4 i plan- og bygningslova og som kan utførast av tiltakshavar

		Gebyr
A	Mindre byggearbeid på bygd eigedom, per tiltak eller bygg	kr 5 000
B	Oppføring, endring og reparasjon av driftsbygning i landbruket, ikkje hus for dyr	kr 6 600
C	Mellombels eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg, som nemnt i § 20-1, 1. ledd, bokstav j og som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år	kr 4 300

D	Førelegging av tiltak (nettstasjonar, trafokiosk)	kr 4 300
----------	---	----------

3.9 Gebyrsats ved retur av mangelfull søknad mm.

		Gebyr
A	Retur av mangelfull søknad/avslutning av ufullstendig søknad og innhenting av manglende opplysningar i saka	kr 2 700

3 Gebyrsatsar etter «Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg for kommunane i Jærregionen, «Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for kommunane i Jærregionen» og «Forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn»

		Gebyr
A	Behandling av utsleppssøknad for mindre avløpsanlegg < 15 pe og påsleppssøknad for olje- og feitthaldig avløpsvatn	kr 5 800 per søknad
B	Behandling av utsleppssøknad for mindre avløpsanlegg > 15 pe	kr 9 300 per søknad
C	Søknad om endring av løyve	kr 1 700 per søknad
D	Oppfølging av forhold i strid med forureiningsforskrifta (etter medgått tid)	kr 1 100 per time
E	Tilsyn og kontroll med avløpsanlegg	kr 3 600 per anlegg

5 Gebyrsats for behandling av delingssaker etter jordlova

	Gebyr
Frådeling etter jordlova	kr 2 000

Gebyr fastsatt av Landbruks- og matdepartementet i eiga forskrift.

6 Gebyrsats for behandling av saker etter konsesjonslova

	Gebyr
Konsesjonspliktig kjøp av fast eigedom	kr 5 000

Gebyr fastsatt av Landbruks- og matdepartementet i eiga forskrift.

7 Gebyrsats for behandling av miljøfyrtårnsertifiseringssaker

	Type verksemd	Timeforbruk	Pris ekskl. mva
A	Verksemdar med 1-9 årsverk. Sertifisering etter krav til alle bransjar og inntil eit bransjekrav	5-7 timar	kr 2 300
B	Sertifisering av avdeling eller bedrift som er del av kjede eller konsern, der sertifisering av hovudkontor vert utført av andre.	5-7 timar	kr 2 300

C	Verksemder med 10-29 årsverk. Sertifisering etter krav til alle bransjar og inntil to bransjekrav.	6-12 timar	kr 3 300
----------	---	------------	----------

8 Kvadratmeterpris for manglande felles uteopphaldsareal som gjeld for delar av Bryne sentrum

		Pris per m²
	Kvadratmeter pris for manglande felles uteopphaldsareal (MFUA)	kr 7 200

9 Oppmålingsarbeid

9.1 Gebyret gjeld

Gebyret gjeld for arbeid etter matrikkel- og seksjoneringslova.

9.2 Kva gebyret omfattar

Gebyret omfattar hjelpemannskap, bilgodtgjersle, administrasjonsutgifter og merking av grenser. Tinglysingsgebyr kjem i tillegg til nemnde satsar.

9.3 Gebyrsatsar for oppretting av matrikkeleining

9.3.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

A	Areal frå 0–1000 m ²	kr 22 000
B	Areal frå 1001-2000 m ²	kr 24 400
C	Areal frå 2001 m ² –auke pr. påbegynt dekar	kr 800
D	Festepunkt	kr 11 000

Maksimalt kr 43 200 per parsell.

For eigedom som ikkje er sjølvstendig brukseining, eller er realsameige for veg, skal det reknast 50% gebyr etter dette punktet.

Ved samtidig oppmåling av fleire tilgrensande tomter som er rekvirert av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjon i gebyret :

6-10 tomter	10% reduksjon.
11-25 tomter	15% reduksjon.
26 og fleire	20% reduksjon.

9.3.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

A	Areal frå 0–1000 m ²	kr 22 000
B	Areal frå 1001-2000 m ²	kr 24 400
C	Areal frå 2001 m ² –auke per påbegynt dekar	kr 800

9.3.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for tilleggsareal per eigarseksjon

A	Areal frå 0–50 m ²	kr 12 500
----------	-------------------------------	-----------

B	Areal frå 51–250 m ²	kr 15 300
C	Areal frå 251–2000 m ²	kr 18 900
D	Areal frå 2001 m ² – auke per påbegynt dekar	kr 1 300

50% av ordinært gebyr når forretning vert halden som kontorforretning

Ved samtidig oppmåling av fleire tilgrensande uteareal som er rekvirert av same rekvirent, vert det gitt følgjande reduksjon i gebyret:

6 – 10 areal	10% reduksjon
11 – 25 areal	15% reduksjon
26 og fleire areal	20% reduksjon

9.3.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr for oppretting av anleggseigedom

A	Areal frå 0–2000 m ²	kr 29 000
B	Areal frå 2001 m ² –auke per påbegynt dekar	kr 1 600

9.3.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige fakturerast etter medgått tid, jf. pkt. 1.4.

9.4 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid i saker som ikkje lar seg matrikkelføra på grunn av endra heimelsforhold, kan setjast til 1/3 av gebyrsatsane etter pkt. 9.3 og 9.4.

9.5 Grensejustering

9.5.1 Grunneigedom

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5% av eigedommen sitt areal (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan likevel ikkje avgje areal som i sum overstig 20% av eigedommens areal før justeringa.

A	Areal frå 0-25 m ²	kr 5 300
B	Areal frå 25–100 m ²	kr 8 600
C	Areal frå 100–250 m ²	kr 11 400
D	Areal frå 250-500 m ²	kr 13 900

9.5.2 Anleggseigedom

Ein anleggseigedom kan justerast med inntil 5% av anleggseigedommen sitt areal, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m²

A	Areal frå 0–250 m ²	kr 14 300
B	Areal frå 251–1000 m ²	kr 18 700

9.6 Arealoverføring

9.6.1 Grunneigedom

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast.

Arealoverføring utløyer dokumentavgift.

Gebyret gjeld ikkje for sjølvstendige einingar som skal byggast på. Ved teigndring med tanke for utbygging skal pkt. 9.3.1 brukast.

A	Areal frå 0–250 m ²	kr 10 900
B	Areal frå 251–500 m ²	kr 12 000

Arealoverføring per nytt påbegynt 500 m² medfører ei auke av gebyret på kr 800.

9.6.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan areal som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vera registrert på ein tredje matrikkeleining. Arealet kan berre overførast til ein matrikkeleining dersom vilkåra for samanføring er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande areal.

A	Areal frå 0–250 m ²	kr 22 800
B	Areal frå 251–500 m ²	kr 26 600

Arealoverføring per nye påbegynte 500 m² medfører ei auke av gebyret på kr 2 200.

9.7 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

A	For inntil 2 punkt	kr 4 300
B	For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 400

9.8 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettigheter

A	For inntil 2 punkt	kr 7 300
B	For overskytande grensepunkt, per punkt	kr 1 300

Gebyr for klarlegging av servituttar vert fakturert etter medgått tid, jf. pkt. 1.4.

9.9 Privat grenseavtale

A	For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	kr 7 300
B	For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	kr 1 300

Rimelegaste alternativ for rekvirent vert valt.

Alternativt kan gebyr fastsettast etter medgått tid.

9.10 Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthaldt.

9.11 Andre tenester/gebyr

For arbeid som ikkje passar inn i klassane over, vert arbeid fakturert etter medgått tid, jf. satsane gitt i pkt. 1.4.
Tinglysningsgebyr og kostnadar med å henta inn eksterne dokument, samt dokumentavgift, vert vidareført til kunde.

10 Behandling av søknad om seksjonering og reseksjonering

10.0 Gebyret gjeld

Gebyret gjeld for arbeid etter eigarseksjonslova og omfattar ikkje tinglysningsgebyr eller eventuelt dokumentavgift.

10.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

10.1.1 Gebyr seksjonering, nybygg

A	1-4 seksjonar	kr 12 100
B	5-10 seksjonar	kr 14 900
C	Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon	kr 400

Maksimalt kr 27 900 per seksjonering

10.1.2 Gebyr seksjonering, eksisterande bygg

A	1-4 seksjonar	kr 14 900
B	5-10 seksjonar	kr 17 500
C	Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon	kr 400

Maksimalt kr 33 100 per seksjonering

10.1.3 Gebyr reseksjonering

A	1-4 seksjonar	kr 17 500
B	5-10 seksjonar	kr 20 300
C	Frå 11 seksjonar, tillegg pr. ny seksjon	kr 400

Maksimalt kr 38 100 per seksjonering

10.1.4 Synfaring

10.1.4	Synfaring av eigedom skjer når kommunen finn det nødvendig ved behandling av saka. Gebyret kjem i tillegg til behandlingsgebyr punkt 10.1.1– 10.1.3	kr 2 600
--------	---	----------

10.1.5 Sletting/oppheving av seksjonert sameige

10.1.5	Saksbehandling for sletting av sameige	kr 4 700
--------	--	----------

11 Sal av oppmålingsteneste

For oppgåva utstikking av godkjent plassering av tiltak etter plan- og bygningslova § 20 er prisen:

Bygg/anlegg kr 11 300 inkludert mva

For arbeid utover 7,5 timar kjem kr 1 050 eksklusiv mva per time i tillegg

Merknadar til forskrifta

For plansaker, byggjesaker og oppmålingsforretning er det føretatt for- og etterkalkulasjon i tråd med føringane for sjølvkostrekneskap.